

INTENSJONSAVTALE OM KOMMERSIELLE AKTIVITETAR I UTMARK

AVTALEPARTAR

Eigar/forvaltar: _____ og Brukar: _____

v/leiar: _____ v/leiar: _____

Adresse: _____ Adresse: _____

Postnr. /-stad: _____ Postnr./-stad: _____

Tlf.nr. arb.: _____ privat: _____ Tlf.nr. arb.: _____ privat: _____

Partane i avtalen er eigar(ar) av utmarksareala og brukar(ar) av dei til organisert utmarksbasert verksemd. Partane er i avtalen kalla eigar og brukar.

NAMN PÅ EIGEDOM: _____

GNR. OG BNR.: _____

BRUKSOMRÅDE: Avtalen gjeld bruk av den delen av eigdommen/eigedommane _____

_____ i _____ kommune som er innteikna på det vedlagde kartet, **vedlegg A**. Området omfattar eit areal på ca. _____ daa.

BRUK/VERKSEMDSART/FORRETNINGSIDÉ: Eigaren gir på dei vilkåra som er oppgitt i denne avtalen, brukaren rett til å nytte området på følgjande måte og til følgjande formål og verksemdsidé:

Eigaren skal så langt det er mogleg, sørge for at annan organisert utmarksbasert reiselivsaktivitet i liten grad øydelegg for brukarens opplegg. Eigaren må derfor koordinere og tilpasse framtidig bruk av området der naturslitasje og fare for konflikhtar blir viktige element ved val av løysingar.

Avtalen utgjer inga hindring for eigaren i å utnytte området. Eigaren skal likevel ta omsyn til brukaren si verksemd så sant det ikkje påverkar næringsverksemda (skogbruk, jakt, fiske, etc.) og forvaltningsoppgåvene til eigaren i negativ retning.

På spørsmål frå brukaren skal eigaren informere om sine planar når det gjeld skogbruk eller annan relevant aktivitet som kan påverke reiselivsverksemda til brukaren. Dersom ikkje anna er oppgitt ovanfor eller eigaren har gitt skriftleg løyve til det, gir ikkje avtalen rett til oppsetjing av hus, skilt eller andre tekniske anlegg. Avtalen gir heller ikkje brukaren rett til jakt og fiske eller til å ta skogsprodukt av noko slag. Brukaren kan ikkje drive verksemda si utanfor det definerte området (**sjå vedlegg A**). Brukaren skal jamleg informere eigaren om aktiviteten sin. Eventuell skade på areal, tekniske anlegg eller skade som er gjort mot tredje person, og som kan førast tilbake til forhold som kjem av brukaren eller hans/hennar aktivitet, har brukaren ansvaret for. Dette gjeld ikkje skade på marka som kjem av normal slitasje. Dette ansvaret gjeld også etter at avtalen er avslutta.

Brukaren skal informere kundane sine om lovfesta åtfærd i skog og mark. Informasjonen skal gi kundane kunnskap og haldningar som motiverer til forsvarleg ferdsel i utmarka.

SKJØTSEL AV OMRÅDET: Brukaren skal halde området i ordentleg stand og sørge for at det beskrivne arealet alltid er ryddig og reint for søppel. Brukaren får ikkje bruke området slik at fare for miljøskadar oppstår.

AVTALETID:

Alternativ 1: Avtalen gjeld til og med den _____ og går ut utan at noka form for oppseiing er nødvendig.

Alternativ 2: Avtalen gjeld for _____ år rekna frå avtalen blir inngått.

Avtalen skal seiast opp seinast _____ månader før avtaletida går ut. Viss slik oppseiing ikkje ligg føre, blir avtalen forlengd ytterlegare éin avtaleperiode. Avtalen skal seiast opp skriftleg, og det skal skje gjennom rekommandert brev. Viss brukaren er fleire personar, er ei oppseiing bindande dersom éin person skriv under.

For klubbar, organisasjonar, foreiningar osv. blir ei oppseiing gjort gjeldande ved underskrift av den/dei som gjennom vedtekter eller prokura har rett til å teikne samanslutninga.

GODTGJERING: Grunna det omsynet eigaren tek til brukarens aktivitet, den koordineringsoppgåva eigaren har påteke seg, terrengslitasje og eventuell bruk av tilretteleggingselement kosta av eigaren, skal brukaren betale ei årleg godtgjering.

Alternativ 1: Godtgjeringa er kr _____ pr. avtaleår.

Alternativ 2: Godtgjeringa for det første avtaleåret er kr _____. Godtgjeringa skal frå og med det andre avtaleåret justerast i samsvar med konsumprisindeksen. Justeringa skjer på grunnlag av forandringa mellom indekstalet i oktober månad året før avtaleinngåinga og indekstalet i oktober månad det første driftsåret. Godtgjeringa skal betalast forskotsvis og seinast den første dagen i avtaleåret.

Alternativ 3: Godtgjeringa blir sett til _____% av den årlege bruttoomsetninga til brukaren og skal betalast innan utgangen av kvart driftsåret. Godtgjeringa skal tilleggast meirverdiavgift i samsvar med norsk lovgiving.

Ved for sein betaling blir det lagt på morarente på % og ei erstatning for betalingspåminning tilsvarande det som er vanleg ved inkassosaker.

VEGAR: Brukaren kan bruke følgjande vegar som tilkomst for aktiviteten sin: _____

Brukaren pliktar likevel å rette seg etter føresegnar for vegbruk bestemte av eigaren eller vegforeininga.

OFFENTLEGE LOVER OG FORSKRIFTER: Avtalen skal til kvar tid tilpassast offentlege lover, påbod og forskrifter som påverkar brukarens aktivitet og forholdet mellom eigar og brukar.

Offentlege påbod som kan førast tilbake til forhold som kjem av brukaren eller hans/hennar aktivitet, er brukarens ansvar (sanitære forhold, renovasjon etc.), og eventuelle offentleg pålagde avgifter i denne samanhengen skal fullt ut berast av brukaren.

ANSVAR: Brukaren pliktar å ha ei forsikring som dekkjer eventuelt ansvar for skadar som kan førast tilbake til brukaren og hans/hennar aktivitet.

AVTALEOVERDRAGING: Brukaren kan ikkje overdra avtalen til andre personar, organisasjonar, bedrifter, institusjonar osv. utan at dette er godkjent av eigaren.

OPPHØYR: Når avtalen går ut, skal brukaren rydde og setje i stand arealet etter seg. Mislegheld brukaren dette kravet, kan rydding og istandsetjing skje på brukaren sin kostnad.

TVISTAR: Dersom eventuelle tvistar ikkje kan løysast gjennom avtale, skal dei løysast ved skilddom i samsvar med føresegnene i tvistemålslova.

FØRESEGNENE I FRILUFTSLOVA: Begge partar kjenner føresegnene i friluftsløva og teiknar denne avtalen på grunnlag av innhaldet i lova.

SÆRSKILDE FØRESEGNAR: _____

Denne avtalen er skriven ut i to likelydande eksemplar der eigaren og brukaren har kvart sitt.

Stad: _____, den _____. _____. _____.

(Eigars signatur)

(Brukars signatur)

Intensjonsavtalen er utarbeidd i samband med SkanLand økonomiska förenings prosjekt som omfattar kommunane Trysil og Engerdal i Noreg og Ålvdalen, Malung og Torsby i Sverige. SkanLand er eit Interreg-prosjekt som har til formål å utvikle sommarturisme i desse kommunane. Avtalen skal brukast for å stille utmarksareal (grunn og vatn) til disposisjon for organiserte friluftaktivitetar.